

Møte med krigsveteranen Anders Stople

Av Endre Heggen

Ungdomsår

Anders Stople vart fødd på garden Stople i Sandeid i 1903 der han vaks opp i ein stor syskenflokk på fem gutar og fem jenter.

Etter folkeskulen -med Karl Seljenes som skulemeister-, gjekk han på Ryggjabø Folkehøgskule på Finnøy. I fire år gjekk han deretter på feltartilleriet sin befalsskule på Akershus festning i Oslo.

-Ein triveleg stad å vera med eit særst godt kameratskap,- fortel Anders.

Etter fullført eksamen i 1925 var Anders Stople befalsaspirant med 8 månaders tenesteplikt ved Trøndelag Regiment og Værnes øvingscenter.


Då plikttenesta var unnagjort, vart han fast tilsett med sersjants grad. Tenesteplikta for rekruttar i artilleriet var den gongen 90 dagar, dobbell så lang tid som ved infanteriet. Resten av året var befalet fristilt, og dette høvde godt for Anders Stople som tok over garden på Østbø, der mor hans var fødd.

Det vert alvor

Utover våren 1940 kunne det sjå ut til at krigen i Europa mellom Tyskland og England/Frankrike kunne bli utvida. Mykje kunne såleis tyda på at heller ikkje Noreg ville gå klar tysk aggresjon. Men dei norske styresmaktene såg ikkje skrifa på veggen.

Om kvelden 8. april kom ein av naboane mine innom døra som snarast, fortel Anders. I morgon er me kan hende i krig, sa han. Diverre fekk han sørgeleg rett i sin spådom.

Tidleg om morgonen den 9.april gjekk tyske styrkar til åtak og sette seg fast i dei større byane langs kysten vår mellom Oslo og Narvik.



Anders Stople i godstolen heime i stova si, 50 år etter freden.

Det gjekk ut mobiliseringsordre, og dagen etter drog eg avgarde ilag med vernepliktige mannskap frå bygdene i Ryfylke for å melde oss til innsats på Voss. Med buss køyrde me til Kyrping, tok båt til Fjæra og drog vidare gjennom Hardanger til Eide i Granvin. Eg skulle møte på Værnes i Trøndelag, og eg ville difor prøva å koma meg vidare med tog frå Voss. Men stasjonsmeisteren kunne ikkje lova at eg ville nå fram, slik stoda nå var.

Eg melde meg difor til teneste på Tvildemoen på Voss, der alle fekk utlevert våpen og utstyr. Me vart sett opp i avdeling og sendt med tog til Gol i Hallingdal. Med buss kom me oss vidare over til Leira i Valdres. Tyske fly fauk over oss, men heldigvis var det skodde og dårleg sikt for flya. Mannskapet vart sett opp i 3 kanonbatteri med 4 kanoner kvar og omlag 100 mann i kvart av batteria. Me hadde kvitta oss med fjordahesten som dragkraft og hadde nå motorisert dragkraft på kanonene. Eg fekk komandoen over eit av desse batteria. På Leira melde me oss for

øverstkommanderande, oberst Østby. Kaptein Henningsmoen var sjef for kanonbatteria.

Frå krig til kapitulasjon

Batteriet mitt vart sendt nokså langt fram i fronten, til Høljerasten nær Randsfjorden. Men det kom snart ordre om å trekkje oss attende til ein stilling ved Leira. Herfrå la me tyskerane under kanoneld, og jamvel om avstanden var så stor som 19 km, fekk me inn treff mot dei framrykkande tyske lastebilane. Me hadde rikeleg med ammunisjon og skaut til kanonløpa mest gløda. Styrketilhøvet mellom nordmenn og tyskerar var 5000 mot 16000. Likevel var det dei tyske flya som avgjorde striden, dei hamra laus på oss heile tida. Trass i det greidde våre å ta til fange eit heilt tysk kompani som vart internert på Leira. Seinare stadfesta den tyske kommandanten at tapa deira var store og at dei norske soldatane hadde kjempa drabeleg. Våre tap var 3 mann.

Trass i Alvoret var det ikkje heilt fritt for at galgenhumoren fekk koma til orde. Ein av karane mine var såleis tent på å bita godt ifrå seg. «Nå slepp me i alle høve å få lensmannen på oss om me skulle koma til å skyta eit menneske,» sa han. Same mannen fortalde at han «i kampens hete» brått sto andlet til andlet med ein væpna tysk soldat. «Anten så skyt han meg eller så skyt eg han», tenkte karen. «Ja, så vart det jo slik», sa han lunt. Og ikkje nok med det. Han hadde fått tak i ein fin kikkert, og den bruka han flittig. På spørsmål kunne han fortelja at han hadde hjelpt ein tysk kaptein som låg sår i snøen. Du skal få denne kikkerten fordi du hjalp meg, skulle kapteinen ha sagt til han. Me andre hadde nå ei svenske tru på det han fortalde, ler Anders Stople.

Dei tyske styrkane pressa hardt på for å bryta motstanden vår, og snart såg det ut til at dei var i ferd med å utvikla ein knipe-tangsoperasjon mot oss. Det var såleis meldt at tyske styrkar var på veg opp Hemsedal og kunne falla oss i ryggen. Batteriet vårt fekk ordre om å trekka seg attende til vegovergangen til Lærdal i Sogn. Men her fekk me tyske fly over oss. Me kraup i dekke under ein stor stabel med tømmer, men flya skaut med mitraljose så flisene fauk, det kjendest som ei kraftig hagleskur. Men det gjekk godt, ler Anders. To dagar seinare var kapitulasjonen eit faktum.

Oberst Østby takka dei norske soldatane og roste dei for heilhjarta innsats. Det same kunne eg seie om mannskapet mitt, det var gilde karar med storarta kampvilje.

Alt befal vart først internert på Hvalsmoen ved Hønefoss, men snart etter overført til Grini, truleg dei første fangane som var innsette der. Seinare vart jo som kjent Grini den store fangeleiren her i landet som tyskerane fyllte opp med norske motstandsfolk.

Dei som høyrde til i jordbruket fekk snart løyve til å dra heim. Eg gløymer aldri det inntrykket det gjorde på meg då eg på veg inn til Oslo, fekk sjå det tyske hakekorsflaget vaiande over den gamle erverdige Akershus festning. Tenk eit framandt flag over denne historiske staden. Det same opplevde eg då me kom til Geilo der hakekorsflaget var heist over eit av dei største hotella der. Eg gjorde meg då visse tankar om nordmenn som kunne svikta landet sitt med å støtta nazismen.

Krigskvardag heime

Heime gjekk me nå ei vanskeleg tid i møte. Matstoda vart berre verre etterkvart som tida gjekk med minkande varelagre i butikkane. Rasjonering og rasjoneringskontroll vart daglegdags, men på bygdene hadde me det trass i alt bra på mange måtar. Eg hugsar det kom ein kontrollør her ein gong ->ein trave utante Haugesund». Han kytte over at han under ein kontroll hadde beslaglagt matvarer frå ei kona som hadde vore innover i bygdene og hamstra. Då vart eg rasande og las han teksten for ei slik skammeleg framferd. Kan hende hadde han teke maten frå svoltne born. Eg rekna med at eg ville bli innkalla til forhøyr, men høyrde heldigvis aldri noko.

Tyskarane sette seg fast i bygda vår. Bedehuset vart rekvirert og fleire husvere. Sjølv måtte eg avstå rom for 8 tyskarar og plass for hestar og griser i uthuset. Men det varde heldigvis ikkje så lenge. Tyskarane sette opp eit stort telt for hestane sine, men det bles faktisk ned i ein storm. I 1941 bygde dei opp leiren i Bjørkhaug-hagane som gav plass til omlag 130 tyske soldatar. Og desse vart nå eit fast innslag i bygda i krigsåra.

Ein måtte passe seg for kva ein sa til dei, ein kunne såleis lett kome i klemme om ein var for frittalande. Og grensebuarbevis måtte ein



Obertst Østby talar til mannskapa på Fagernes. Illustrasjon i boka 1940, *Fra kampene i Norge*. Attgjeve med løyve frå E.G. Mortensens Forlag.

ha med seg overalt, for kontroll var det ofte. Men dei var ikkje alltid like grundige. Ein gong eg var på veg til mølla i Ølen med korn, vart eg stoppa for kontroll av pass. Eg hadde gløymt passet heime, men rekte istaden fram eit rasjoneringskort til tyskaren. Han såg såvidt på det og let meg passere. Det var ikkje fritt for at eg smulka og lo av den hendinga.

Tyskarane hadde lånt ei arbeidskjerra av meg, og etter ei tid ba eg om å få kjerra att. Nei, det kunne eg ikkje, dei hadde framleis bruk for kjerra. Då vart eg arg og sa til tyskaren:

Når det er så dårleg stilt med den tyske vernemakta at dei ikkje har råd til å halde seg med kjerre sjølv, var det betre at dei hadde halde seg heime. Men då tente tyskaren på alle pluggane. Det spøkte nok for meg då, humrar Anders.

Det var fleire illegale radioar i sving i bygda, så nytt frå London vart spreidd til folk ein kunne lite på. Og etterkvart kom motstandsarbeidet igong i organiserte former i bygdene våre. Ragnvald Westbø tok kontakt med meg, han ville ha meg til å planleggja å sprengja Storajuv-bru i Åkrafjorden. Men han påla meg strengt å ikkje notera noko som helst, det kunne få følgjer om Gestapo fekk snusen i det. Eg måtte heller ikkje føreta meg noko før på nærare ordre. Eg fekk med meg Ivar Kristensen som var vant med å handsama spreng-

stoff, Helmer Sondenå som kunne transportera sprengstoffet og bror min Sigurd, tre trauste karar som eg kunne lita på. Ein dag tok eg sykkelen fatt og drog innover for å sjå korleis eg skulle gå fram. For ikkje å vekkje merksemd, gjorde eg meg ærend til Tjelmelandsgarden på Kyrping for å spørja etter ei stamtavle på ein hest. Eg fekk sjå brua og gjorde meg opp ei meining om korleis ho kunne sprengjast. Men det kom aldri til noko alvor med planen.

I tysk fangenskap

I august 1943 gjekk tyskerane til aksjon mot det norske offisers-korpset. Dei kom om natta og henta meg til tyskarleiren på Sandeid. Då kom eg på kva Per Sivle har skrivne i diktet sitt:

**Det høyrdest ved natt eit dunder på dør
og husbonden vaknar spring fram og spør
Kva er det som belar?
og kvar mann visste i same ande,
at no var det kome ufred til landet.**

Dagen etter førde dei meg til tyskarleiren i Ølen der befal frå bygdene ikring vart samla. Så bar det til Haugesund og vidare med båt til Granvin. Med tog vart me så transporterte til Hvalsmoen ved Hønefoss, før me vart ført ombord i båten Isar i Oslo og skipa til Stettin i Polen. Frå Stettin gjekk reisa med tog til Skilberg, der me vart internert i ein leir som tidlegare hadde vore lærarskule. Me var nå Hitler sine fangar, 800 norske offiserar som skulle haldast i fangenskap for ikkje å gjere motstand mot tyskerane i fall krigshandlingar i Noreg.

Dette var i pakt med tysk framferd under krigen. Likevel hadde me det rimeleg bra samanlikna med tilhøva i mange andre fangeleirar, og den framferda tyskerane gav motstanderar av nazismen under krigen. Men Gestapo var visst ikkje glad for at dei ikkje fekk kommandoen over oss. Men det ville ikkje Wehrmacht gå med på. Her var det dei som rådde grunnen. Rett nok fekk me lite og dårleg mat, ja, mange gonger gjekk eg ut i vaske-rommet og drakk vatn, det fyllte på ein måte i magen og stogga den verste svoltkjensla. Då me seinare fekk ein og annan pakke frå Raude Krossen, vart det glede og fest, noko som hjalp godt på den verste mathungen og motløysa.

Leirkommandanten var ein gamal avdanka oberst, som mest av alt var oppteken av «ordning», oppstillingar og teljing på appellplassen var det viktigaste.

Me hadde to dødsfall i leiren. Under kampane i Valdres vart eg kjend med kaptein Riber-Mohn frå Bergen. Han vart såra då han skulle gå fram på ei høgde og rekognosera. Kula gjekk inn i brystet og ut i ryggen. «Ikkje bry dykk om meg, ta heller vare på dykk sjølve,» sa han til soldatane sine. Men det ville dei ikkje høyre snakk om. Dei fekk han til lækjar og han kom seg. I leiren fekk han lungebetennelse og døydde berre nokre veker før krigen var slutt.

Første hausten i leiren fekk me høve til å driva med handelskurs, noko mange nytta seg av. Me hadde merkeleg nok ikkje skriveforbod, og fekk senda eit brev og eit kort i månaden. Men sensur var det med all post. Det var elles lovleg å gå utanfor leirområdet, men berre med vakthald. Me greidde faktisk å laga ein radiomottakar i leiren og kunne dermed få høyra på London.

Då krigen gjekk mot slutten, utvikla det seg til harde kampar etter kvart som russerane nærma seg leiren vår. Me kunne faktisk høyra larmen frå kampane inn i leiren til oss.

Det vart difor bestemt at leiren skulle rømast, og me vart flytta til ein leir i Luckenwalde nær Berlin. Dei fleste av oss måtte gå til fots, men der jarnbana framleis var i funksjon, følgde me tog. Under denne forflyttinga vart radioen oppdaga, men med sigarettar som bestikkelse, fekk me dei tyske vaktene til å sjå mellom fingrane på slik lovløyse.

Undervegs hadde me overnatta i ei utbomba kyrkje utan dører og vindauge. Me måtte liggja direkte på steingolvet i 20 kuldegrader, det vart ei vond oppleving som eg fekk varige mein av.

18.januar 1945 var russarane ennå ein gong kome så nær innpå at dei tyske vaktene tok røming. Men la det vera sagt, dei nye vaktene våre var slett ikkje betre enn dei me hadde hatt til då. Russarane var råbarka soldatar som hadde lært krigen å kjenna på kroppen. Dei herja omkring og tok det dei hadde trøng for av kjøt og matvarer. Storfe og griser slakta dei og velta kjøtet opp i store gryter for koking. Det såg temmeleg primitivt ut, syntest eg.

I april månad 1945 vart det snakk om å senda oss til Nord-Noreg for å vera med på frigjer- ringa av Finnmark. Men det syntest seg at jarn- banenettet var så øydelagt at planen ikkje kunne bli noko av. Nå fantest det heldigvis befal mellom russerane med menneskelege trekk. Ein av desse fekk kommandanten i lei- ren til ein dag han var full til å skriva under på eit skjema som syntest seg å vera fribiletten vår. Heimreisa med dei "kvite bussane" kunne ta til.

I Danmark fekk me ein stopp og eit storarta opphald. Danskane visste ikkje det beste dei skulle gjera for oss, eineståande hjelpsame og snille. Me vart proppa med godsaker meir enn mange av oss hadde mage til og godt av. Eg passa meg vel for å gjera den feilen. Frå Dan- mark reiste me med båt, og ein av dei første dagane i juni månad kom me til Oslo. Her vart me sett på tog til Voss og der hadde Gustav Høyekvam frå Vikedal -som var ein av oss- fått ordna med bussar frå Haugesund som førte oss heim. Den lange krigen var slutt for oss.

Og enno ein gong kjem eg i hug kva Per Sivle har sagt:

**Og gjev det aldri må verta sagt
at landet ligg utan vardevakt
Og logar; kje varden på tind og nut
han logar i hjarte hjå Noregs gut
Ja, brenn du, varde, du sigande, klåre
bjartare, høgare for kvart eit året.**

Etterkrigsår og politisk innsats

Anders Stople held fram som befal ved artilleriet i Trøndelag.

Han slutta ved oppnådd aldersgrense, då var han batterisjef med kapteins grad.

Etter krigen kom Anders Stople med att i styre og stell i heimkommunen, mellom anna var han ordførar i to periodar og medlem av ei rekkje kommunale nemnder og utval. Han har såleis eit politisk liv som strekkjer seg frå 1931 til 1971, då han gav seg i si politiske karriere.

Det er triveleg å vere ilag med Anders Stople. Fortelja kan han, humøret har han og framleis er han -trass i sine 92 år- klår i minnet. Han minnest utruleg mykje, i så måte er han ei oppkomme og ei skattekiste. Ein heidersmann er han med eit aktivt og innsatsfylt liv bak seg i teneste for fedrelandet og lokal-samfunnet.